

## Samling for framtidens stjerner

Lørdag og søndag har EB-juniorane samling i Musikketuset i Knarvik.

EB junior er eit prosjekt for skulekorpsungdom i aldersgruppa 15 til 19 år i regi av Ekanger-Bjørsvik. Prosjektet består av to samlingshelger i året, der dei eldste i skulekorpsa i Nordhordland får treffe likesinna ungdom.

### Stigande påmelding

Påmeldinga til EB-junior har vore stigande for kvar gong –

og på samlinga i helga er det påmeldt 42 ungdomar! Dei kjem frå Lindås, Skodvin, Fossland, Sandnes, Sæbo, Knarvik, Klovheim, Tertnes og Smørås.

Dirigent denne helga vert Magnus Brandseth, mangeårig solotubaist i Ekanger-Bjørsvik – og noverande dirigent for Klovheim Skulemusikk. I tillegg vil fleire av musikantane i Ekanger-Bjørsvik vera med å spela saman med skulekorpsungdomane.

### Minikonsert

EB-junior deltek også med ein minikonsert i Knarvik senter i ettermiddag, (15.00), i samband med Lindås kulturskule sitt 25 årsjubileum.

## Friluft og folkehelse i kulturkommunen

LINDÅS: Friluft og rekreasjonsområder, kva betyr dette for oss i kvardagen?

ARTHUR KLEVELAND

Dette er hovedtemaet for ordførarpraten på bokkafeen i Eknesvågen søndag 11. april.

Friluftsliv er ein viktig og naturleg del av den norske kulturen. Det er difor heilt naturleg at kulturkommune nr 2 i

Norge, Lindås, stiller spørsmål om kva friluftsliv og rekreasjon betyr for innbyggjarene i deira kvardag.

I Lindås er vi så heldige at vi har rikeleg med friluftsliv- og rekreasjonsområde, seier Karstein Bjørge i bokkafeen på Ekneskaiaen.

Han viser til at det helsemessig ikkje er nokon ny tanke at friluftsliv, frisk luft og mosjon er sunt. I starten på 1900-talet vart til dømes sanatorier for behandling av tuberkulose og lungesjuka bygd der det var tilgang på "luft" av ulike slag (sjøluft, skog-

luft og fjellluft) og kroppen skulle herdast gjennom fysisk aktivitet i naturen.

Korleis legg Lindås kommune til rette for at flest mogeleg skal kunna nytta godt av natur og friluftsliv i kommunen og korleis kan dei gjera det.

Korleis motivera frivillige lag og organisasjonar til samarbeid i ei så viktig sak for folkehelsa? Møt fram på ordførarpraten for å drøfta korleis vi vil ha det i Lindås kommune, oppmodar Karstein Bjørge.

# Heldt kjeft i 50 år

## - No er krigsveteranen på video

**RADØY:** - Etter å ha halde kjeft om livet i 99.bataljon i 50 år gjekk det eit lysopp for meg. Om ikkje eg fortel mi historie, går den i gløymeboka, seier John Pettersen. No har Utvandringssenteret på Sletta gjort video-dokumentar med krigsveteranen.

ARTHUR KLEVELAND  
arthur@nordhordland.no

John Pettersen er glad for at historia om den 99.bataljon no blir sikra for ettertida.

Eg synest det er flott at Utvandringssenteret på Sletta gjer dette. Det skulle vore gjort for minst 20 år sidan, seier Pettersen, som sjølv påtar seg skulda for at det ikkje er gjort før.

### Redd jantelova

- Det gjekk lenge før eg opna meg. Det var ikkje så enkelt å koma heim og fortelja kva eg hadde vore med på under krigen. Eg var redd for jantelova. Folk ville kanskje lurt på kva eg "kjekka" meg etter, fortel Pettersen.

Han er glad for at skuleelevar og andre snart kan få sjå video-dokumentaren om livet i 99.bataljon – ein norsk-amerikansk bataljon under amerikansk kommando.

### Måtte beherska norsk

- Alle som skulle vera med i bataljonen måtte beherska norsk, med tanke på at vi skulle



« Det var ikkje så enkelt å koma heim og fortelja kva eg hadde vore med på under krigen.

**FORNØGD:** - Det er flott at Vestnorsk Utvandringssenter no lagar video-dokumentar om den 99.bataljon. Det er ein del av krigshistoria som ikkje er så kjend, seier John Pettersen, ein av dei få attlevande i Norge frå denne norsk-amerikanske bataljonen. (FOTO: Ida Dyrkorn Heierland)

invadera Norge i kampen mot tyskarane. Det er få som kjenner denne historia, seier Pettersen.

Han fortel at 99.bataljon låg i Normandie og trena saman med to andre bataljonar som eit regiment med tanke på Norgesoppdraget.

- Men i dei fleste tilfella opererte vi som sjølvståande bataljon, og var med på fleire av dei største slagane under krigen, fortel Pettersen.

### Presidenten på besøk

99.bataljon hadde sin base i Colorado, sjølve leiren låg høgt oppe i fjellet. Krigsveteranen frå Radøy hugsar godt den gongen president Roosevelt besøkte leiren. - Ei spesiell oppleving, seier Pettersen, som var med og tok i mot kong Håkon då han kom til Oslo igjen etter krigen.

### Svært glad

John Pettersen er ein av nokre få

attlevande i Norge frå denne bataljonen og ei viktig primærkjelde.

- Vi er svært glad for at han stiller opp og vil dela minne med oss i eit videoopptak, seier Ida Dyrkorn Heierland ved Vestnorsk utvandringssenter.

Den vesle lærarbustaden i emigrantlandsbyen på Sletta vart gjort om til filmstudio under opp-taka med Pettersen.

### Utstilling om 99.bataljon

Vestnorsk utvandringssenter har ei særskilt utstilling om den 99. bataljon - ein amerikansk bataljon med norsk kommandospråk som opererte fleire stader i Europa under 2. verdskrig. Utstillinga inneheld bilde og gjenstandar knytt til dei som var med. I tillegg har Vestnorsk utvandringssenter eit eige minnesmerke over 99. bataljon framfor Emigrantkyrkja.

# - Nei til bustadbygging er ja til gjengroing

**LINDÅS:** Grunn-eigarane Jostein Alvs-våg og Petter H. Fosse fortvilur over at dei ikkje får bruka jorda si på Indre Fosse til noko fornuftig. Dei har merka stor etterspørsel etter bustadtomtar, men det har møtt sterk motstand for å få omregulert arealet sitt.

ENDRE HØFLAND  
endre@nordhordland.no

- Det politiske fleirtalet i Lindås vil at kommunen skal framstå som ein ja-kommune. Vi opplever det ikkje slik, seier Jostein Alvsvåg.

I samband med arealplanen for Alversund har han og naboen Petter H. Fosse søkt om omregulering av eigedomane sine frå det som på papiret vert omtalt som dyrka mark til bustadbygging. Men noko godt svar frå kommunen har dei til gode å få.

- Vi søkte om omregulering i samband med arealplanen i 2008 utan å få anna svar enn at vi såg at søknaden ikkje var tatt til følgje då planen låg endeleg. Det er jo ikkje det at vi nødvendigvis vil bygga ut i stor stil her, men vi ønskjer at jorda skal kunne brukast til noko, seier Alvsvåg.

## - Ubrukeleg som dyrka mark

Sjølv eig han 56 mål på Indre Fosse. Naboen eig omtrent det same. Slik situasjonen er i dag vert ikkje jorda pakta.

- Tidlegare var det ein nabo som dreiv storgard her, men han gav seg på 70-talet. Jorda vart pakta fram til i fjor, men terrenget er slik at det er veldig vanskeleg å driva. Ho som har pakta her fram til no, gav seg rett og slett fordi det ikkje var mogeleg å driva. Då kan ein jo byrja å lura på i kva grad dette her er dyrka mark, seier Alvsvåg, og får støtte av naboen.

- Samstundes ser vi at Lindås kommune opnar for omregulering til industri og bustadbygging på område der grunneigarane er imot dette og heller aldri har søkt om det. Desse eigedomane er også område som er langt betre eigna for moderne, rasjonell og effektiv landbruksdrift enn våre gardsbruk, seier han.

## Sjølvmotseiande

Dei to naboane på Indre Fosse har fått mange unnskyldningar for

## - Molbo, meiner naboar på Fosse



**VIL UTNYTTA JORDA:** Grunneigarane Jostein Alvsvåg og Petter H. Fosse vil bruka jorda dei eig på Indre Fosse til noko fornuftig, men interessa i kommunen er ikkje all verda.

kvifor dei ikkje får omregulera. Alt frå høgsentmaster til vern av vilt har vore nemnd, men ingen av dei skjonar noko særleg av desse argumenta. At delar av tomtene vert sett på som LNF-område kunne dei i utgangspunktet gå med på, men det var før likskapen for lova forsvann.

- LNF-område var eit av argumenta kommunen kom med, og at vegen ut her var for dårleg. Men no er det jo bestemt at vegen skal rustast opp, og det skal byggast gang- og sykkelveg her. Då forsvinn vegargumentet, og delar av LNF-området hamnar under asfalt. For oss framstår dette som molbopolitikk, seier dei to grunneigarane.

## - Forventar støtte

På toppen av det heile er det nett-opp lagt ny vassleidning og grøfter for fiberkabel i området. Grunneigarane er inne i Vasslaget

med 50 prosent, og kommunen eig den resterande halvparten.

- Sånn sett skulle ein kanskje tru at kommunen var interessert i å få flest mogeleg husstandar knytt til leidningen, men tydelegvis ikkje. Her har vi investert frå egne lommer i moderne fiberkommunikasjon, og då synest eg vi kan forventa støtte frå kommunen, seier Alvsvåg til Nh.

Ein annan nabo, som eig jorda like ved, har fått omregulert sitt gamle beiteland til bustadbygging.

- Argumentet der var at det var så attgrodd at det ikkje lenger var å sjå på som dyrka mark. Det er tydelegvis det som er måten å gå fram på. Om vi ikkje får omregulera slik landet ligg no, så er einaste løysinga for oss å la det gro igjen, seier naboane på Indre Fosse.

## - Planen er lukka

- Kommunedelplanen er for tida



**KABLAR OG RØYR:** Grunneigarane har vore med og finansiert vassleidning og grøfter til fiberkabel, men kven skal ha nytte av dette om ein ikkje får lov å bygga på det som vert omtalt som dyrka mark?

lukka etter at det kom inn fleire merknadar til forslaget, og administrasjonen går såleis ikkje ut med noko offentleg, seier fagleiar for arealsaker, Sveinung Toft.

- Planen er neppe eit politisk

dokument før til møtet i juni. På generelt grunnlag kan eg seia at det har kome inn ein del merknadar til planen, og at alle desse hamnar i same bås, seier Toft.

**Sanan for ei rettferdig verd!**  
la april

Det er ikkje rettferdig at over ein milliard menneske framleis lever i ekstrem fattigdom.

GIVTELEFON  
820 44 088 (200 kr)  
SMS <KN100> til  
2090 (100 kr)

KIRKENS NØDHJELP  
actalliance